



Møteinnkalling

Utval:	Kontrollutvalet
Møtestad:	Fjernmøte (telefonmøte)
Dato:	23.04.2020
Tid:	10:00

For å avgrensa spreiding av Covid-19 har Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) vedteke ei midlertidig forskrift om gjennomføring av fjernmøte i kommunar og fylkeskommunar:

<https://lovdata.no/dokument/LTI/forskrift/2020-03-13-277>

Møte i kontrollutvalet 23.04.2020 kl.10, vert difor gjennomført som telefonmøte. For å delta i telefonmøte må du ringa 47 47 00 00 og oppgje møtenummer 20449.

Det er ikkje alle saker som er eigna til telefonmøte. Utvalsleiar og sekretariatet har bestemt at orienteringssakene frå rådmannen vert utsett til maimøte.

Dersom nokon av medlemmene ikkje kan møte og må melde forfall, vert dei bedne om å gjere dette så tidleg som råd er ved **å ringa** til Helge Inge Johansen tlf. 402 03 664 eller til Hogne Haktorson, tlf. 911 05 982.

Til varamedlemar er denne innkallinga å sjå på som ei orientering. Dersom det vert aktuelt at varamedlemar må møta, vil det bli gjeve nærmare beskjed.

Det er planlagt at Helge Inge Johansen møter frå sekretariatet, på dette møtet.

Lorentz Lunde

kontrollutvalsleiar

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Kopi: Vararepresentantar til kontrollutvalet
Ordførar
Revisor
Rådmann

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 3/20	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 4/20	Godkjenning av møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 09.03.2020	2019/68	
	Politiske saker		
PS 11/20	Val av revisor for Tysnes kommune - tilråding frå kontrollutvalet	2014/256	
PS 12/20	Eventuelt	2020/83	

Godkjenningssaker

GK 3/20 Godkjenning av innkalling og sakliste



Tysnes kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saknr: 2019/68-3
Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Tysnes kommune	4/20	23.04.2020

Godkjenning av møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 09.03.2020

Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 09.03.2020 er lagt med som vedlegg i saka.



Møteprotokoll

Utval:	Kontrollutvalet
Møtestad:	10:00 - 14:45, Kommunestyresalen Rådhuset
Dato:	09.03.2020
Tid:	10:00 - 14:45:

Følgjande faste medlemmer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Lorentz Lunde	Leiar	KRF
Britt Ersvær	Nestleiar	AP
Lars Heine Kåsa	Medlem	SP
Kåre Haugland	Medlem	FRP

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Sigvard Michael Madsen	Medlem	H

Følgjande varamedlemmer møte:

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Merknader

Andre som møtte:

Namn	Stilling
Steinar Dalland	Rådmann
Ingrid Kalsnes	Forvaltningsrevisor, Deloitte AS
Samson Johnsen	Forvaltningsrevisor, Deloitte AS
Helge Inge Johansen	Spesialrådgjevar, Vestland fylkeskommune

Lorentz Lunde
utvalsleiar

Helge Inge Johansen
utvalssekretær

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 1/20	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 2/20	Godkjenning av møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 28.11.2019	2019/68	
	Politiske saker		
PS 1/20	Orienteringssak frå rådmannen om oppfølgingsarbeidet etter forvaltningsrevisjon av helsestasjon og skulehelseteneste	2018/27	
PS 2/20	Orientering frå rådmannen gjeldande tre tilsynssaker, tilsynskalender og varsla tilsyn for 2020	2014/258	
PS 3/20	Orientering frå rådmann om oppfyljing av reglane for personvern. Postliste og bruk av Vigelo-appen i Tysnesskulane	2014/258	
PS 4/20	Orientering frå rådmannen om utbygging av nytt mellomtrinn ved Tysnes skule. Framdrift og risikofaktorar	2014/258	
PS 5/20	Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020-2024 - Prosessmøte 1	2019/70	
PS 6/20	Plan for eigarskapskontroll for perioden 2020-2024 - Prosessmøte 1	2019/71	
PS 7/20	Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval	2019/72	
PS 8/20	Møteplan 2020 for kontrollutvalet	2019/69	
PS 9/20	Eventuelt	2020/83	
PS 10/20	Konkurransetutting av revisjonstenestene for Tysnes kommune - Arbeidsmøte	2014/256	
	Referatsaker		
RS 1/20	FKT - Medlemsinfo februar 2020	2019/18	
RS 2/20	FKT - Fagkonferansen juni 2020	2019/18	

Godkjenningssaker

GK 1/20 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll i 09.03.2020 - Kontrollutvalet i Tysnes kommune

Handsaming i møte

Det kom ikkje merknader til innkalling eller sakliste.

Vedtak

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjent.

GK 2/20 Godkjenning av møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 28.11.2019

Forslag til vedtak

Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 28.11.2019 er lagt med som vedlegg i saka.

Saksprotokoll i 09.03.2020 - Kontrollutvalet i Tysnes kommune

Handsaming i møte

Det var ingen merknader til protokoll frå møte i kontrollutvalet 28.11.2019.

Vedtak

Møteprotokoll frå kontrollutvalet sitt møte 28.11.2019 vart samrøystes godkjent.

Politiske saker

PS 1/20 Orienteringssak frå rådmannen om oppfølgingsarbeidet etter forvaltningsrevisjon av helsestasjon og skulehelseteneste

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tek informasjonen om oppfølgingsarbeidet etter forvaltningsrevisjon av helsestasjon og skulehelseteneste så langt til orientering
2. Kontrollutvalet ber om skriftleg tilbakemelding til kontrollutvalsmøte i mai 2020. Skriftleg tilbakemelding skal sendast til sekretariatet innan 01.05.2020.

Saksprotokoll i 09.03.2020 - Kontrollutvalet i Tysnes kommune

Handsaming i møte

Rådmannen orienterte om status på oppfølgingsarbeidet og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Det gjenstår ein del arbeid før kommunen er i mål med alle tiltaka. Kontrollutvalet ber om at rådmannen til neste møte sender over skriftleg dokumentasjon, og at dette blir lagt med saka til neste møte.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet tek informasjonen om oppfølgingsarbeidet etter forvaltningrevisjon av helsestasjon og skulehelseteneste så langt til orientering
2. Kontrollutvalet ber om skriftleg tilbakemelding til kontrollutvalsmøte i mai 2020. Skriftleg tilbakemelding skal sendast til sekretariatet innan 01.05.2020.

PS 2/20 Orientering frå rådmannen gjeldande tre tilsynssaker, tilsynskalender og varsla tilsyn for 2020

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

Saksprotokoll i 09.03.2020 - Kontrollutvalet i Tysnes kommune

Handsaming i møte

Rådmannen orienterte om dei tre tilsynssakene, og svarte på spørsmål frå utvalet.

Det vart og orientert om den nye tilsynskalenederen som fylkesmannen har ansvar for å administrere. Alle som gjennomfører tilsyn i kommunene skal rapportere inn til fylkesmannen. Dette gjeld og gjennomførte forvaltningsrevisjoner og eigarskapskontrollar.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

PS 3/20 Orientering frå rådmann om oppfyljing av reglane for personvern. Postliste og bruk av Vigelo-appen i Tysnesskulane

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering

Saksprotokoll i 09.03.2020 - Kontrollutvalet i Tysnes kommune

Handsaming i møte

Rådmannen orienterte om GDPR og viste til blant anna heimesida der dette står og kven som er personvernombod i kommunen.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering

PS 4/20 Orientering frå rådmannen om utbygging av nytt mellomtrinn ved Tysnes skule. Framdrift og risikofaktorar

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering

Saksprotokoll i 09.03.2020 - Kontrollutvalet i Tysnes kommune

Handsaming i møte

Rådmannen orienterte om saka, og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

PS 5/20 Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020-2024 - Prosessmøte 1

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar, på bakgrunn av prosessmøte 1, risiko- og vesentligheitsvurderinga (ROV) gjeldande forvaltningsrevisjon så langt til orientering.

Saksprotokoll i 09.03.2020 - Kontrollutvalet i Tysnes kommune

Handsaming i møte

Deloitte gjennomførte prosessmøte med kontrollutvalet.

Forslag til vedtak (pkt. 1) med tillegg (pkt. 2) vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet tar, på bakgrunn av prosessmøte 1, risiko og vesentlegvurderinga (ROV) gjeldande forvaltningsrevisjon, så langt til orientering.
2. Prosessmøte 2 vart flytta frå aprilmøte til maimøte

PS 6/20 Plan for eigarskapskontroll for perioden 2020-2024 - Prosessmøte 1

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar, på bakgrunn av prosessmøte 1, risiko- og vesentlegvurderinga (ROV) gjeldande eigarskapskontroll så langt til orientering.

Saksprotokoll i 09.03.2020 - Kontrollutvalet i Tysnes kommune

Handsaming i møte

Deloitte gjennomførte prosessmøte med kontrollutvalet.

Forslag til vedtak (pkt. 1) med tillegg (pkt. 2) vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet tar, på bakgrunn av prosessmøte 1, risiko og vesentlegvurderinga (ROV) gjeldande eigarskapskontroll, så langt til orientering.
2. Prosessmøte 2 vart flytta frå aprilmøte til maimøte

PS 7/20 Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksutgreiinga til orientering

Saksprotokoll i 09.03.2020 - Kontrollutvalet i Tysnes kommune

Handsaming i møte

Det kom ikkje fram noko spesielt ved gjennomgang av møteprotokollane.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksutgreiinga til orientering.

PS 8/20 Møteplan 2020 for kontrollutvalet

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet vedtek slik møteplan for 2020:

Dato:
09.03.2020

23.04.2020
14.05.2020
15.10.2020
26.11.2020

Saksprotokoll i 09.03.2020 - Kontrollutvalet i Tysnes kommune

Handsaming i møte

Det var ingen kommentarer til møteplanen.

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet vedtek slik møteplan for 2020:

Dato:
09.03.2020
23.04.2020
14.05.2020
15.10.2020
26.11.2020

PS 9/20 Eventuelt

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet i Tysnes kommune ønskjer å ha eventuelt som sak i kvart møte

Saksprotokoll i 09.03.2020 - Kontrollutvalet i Tysnes kommune

Handsaming i møte

Sekretær orienterte om eventueltsaka, og at sekretariatet føreslår at denne saka blir ei sak i kvart møte.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet i Tysnes kommune ønskjer å ha eventuelt som sak i kvart møte.

PS 10/20 Konkurransetsetting av revisjonstenestene for Tysnes kommune - Arbeidsmøte

Forslag til vedtak

Arbeidsmøte utan forslag til vedtak

Saksprotokoll i 09.03.2020 - Kontrollutvalet i Tysnes kommune

Handsaming i møte

Tilboda inneheld informasjon av konkurransemessig betydning for tilbydarane og informasjonen er difor unnateke offentleggjering, jf. offl.13, jf. forvl. § 13. Møtet vart difor samrøystes lukka med heimel i kommunelova § 11-5 under handsaming av denne saka.

Kontrollutvalet og sekretær var tilstade ved handsaminga av denne saka.

Sekretær presenterte resultatet av konkurransen og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Sak om innstilling av revisor for Tysnes kommune vert lagt fram som sak i neste møte, som er planlagt å vera 23.04.2020.

Vedtaket var samrøystes.

Vedtak

Framlagt evaluering vart teken til orientering.

Referatsaker

RS 1/20 FKT - Medlemsinfo februar 2020

Saksprotokoll i 09.03.2020 - Kontrollutvalet i Tysnes kommune

Handsaming i møte

Vedtak i saka var samrøystes

Vedtak

Referatsaka vert teken til orientering

RS 2/20 FKT - Fagkonferansen juni 2020

Saksprotokoll i 09.03.2020 - Kontrollutvalet i Tysnes kommune

Handsaming i møte

Vedtak i saka var samrøystes

Vedtak

Referatsaka vert teken til orientering

Politiske saker

PS 11/20 Val av revisor for Tysnes kommune - tilråding frå kontrollutvalet



Tysnes kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saknr: 2014/256-46
Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Tysnes kommune	11/20	23.04.2020

Val av revisor for Tysnes kommune - tilråding frå kontrollutvalet

Forslag til innstilling

Kommunestyret i Tysnes kommune vel..... som revisor frå 01.07.2020 til 30.06.2024

Samandrag

Sekretariatet har gjennomgått og evaluert dei innkomne tilboda og resultatet av dette arbeidet vart lagt fram i arbeidsmøte 09.03.2020. I dette møte skal kontrollutvalet gjere innstilling på val av revisor for kommunen. Avtaleperiode er 01.07.2020 til 30.06.2024. Innstillinga frå kontrollutvalet går vidare til kommunestyret, som gjer vedtak i saka.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kommunestyret i Tysnes kommune vedtok 18.06.2019 at kontrollutvalet kunne starte prosess med konkurranseutsetjing og gjorde slikt vedtak i PS 025/2019:

«Kontrollutvalet får fullmakt til å gjennomføra ny konkurranse for kjøp av revisjonstenester. Tidsramma må leggjast slik at den som vert valt ut frå konkurransen, er revisor fom. 01.07.2020.

Fullmakta omfattar gjennomføring av heile prosessen, herunder:

- a. Utarbeiding og godkjenning av tilbodsdokument.*
- b. Knytta til seg naudsynt ekstern hjelp.*
- c. Vurdera mottekne tilbod og innstilla overfor kommunestyret på val av revisor.»*

Sekretariatet presenterte resultatet av konkurransen for kontrollutvalet 09.03.2020 (arbeidsmøte).

Vedtakskompetanse

Det er kontrollutvalet som har vedtakskompetanse til å gjennomføre prosess med konkurranseutsetting av revisjonstenestene og lage innstilling til kommunestyret på val av revisor, medan det er kommunestyret sjølv som gjer vedtak, jf. kommunelova § 24-1.

Vurderingar og verknader

Anbudsfristen gjekk ut 13.01.2020 kl. 12.00 for tilbod på kjøp av revisjonstenester for Tysnes kommune for perioden 01.07.2020 til 30.06.2024. Sekretariatet har gjennomgått og evaluert dei innkomne tilboda. I dette arbeidet har sekretariatet nytta jurist i innkjøpsseksjonen i Vestland fylkeskommune som rådgjevar. Denne juristen rapporterer i denne saka til sekretariatet og ikkje til fylkesrådmannen. Resultatet av arbeidsmøte i kontrollutvalet 09.03.2020, vil utgjere grunnlag for innstillinga frå kontrollutvalet i dette møte.

Konklusjon

På bakgrunn av det som kjem fram i dette saksframlegget, og ut frå det som vert presentert i møtet, og arbeidsmøte 09.03.2020, vert kontrollutvalet tilrådd å kome med innstilling til val av revisor for Tysnes kommune frå 01.07.2020 til 30.06.2024.



Tysnes kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saknr: 2020/83-2
Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Tysnes kommune	12/20	23.04.2020

Eventuelt

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Samandrag

Det vert lagt opp til å ha eventuelt på saklista for å ivareta det enkelte medlem i utvalet si mogelegheit til sjølv å ta opp saker eller for å gje utvalet mogelegheit til å gjere vedtak i saker som ikkje er på saklista.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Vedtak i kontrollutvalet 09.03.2020 i PS 9/20 der utvalet vedtok å ha eventuelt som sak i kvart møte.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i denne saka, jf. kommunelova § 11-3 og § 23-2.

Vurderingar og verknader

Dersom det blir tatt opp saker som krev nærare undersøkingar, eller innhenting av fleire opplysningar, før ein kan konkludere med at det er ei sak for kontrollutvalet, bør utvalet be sekretariatet førebu sak om dette til neste møte.

Konklusjon

Føremålet med saka er å gje opning for å få nærare undersøkingar av saker som kontrollutvalet ynskjer å få utgreidd til neste møte, eventuelt til eit seinare møte i utvalet. Saka kan utover dette nyttast til orienteringar frå rådmannen eller andre i eit seinare møte.